

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 17.02.2021 |

Driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne i Vestland. Fordeling av tilskot for 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr. 1 076 068 med følgjande fordeling:

| | Namn på søkjar | Løyving (NOK) |
|-----|--|---------------|
| 1. | Nord- og Midhordland sogelag | 35 000 |
| 2. | Bullahuset (Bullæigendomen) | 175 000 |
| 3. | Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset Veiten 3 | 176 068 |
| 4. | Stiftelsen Fjeldberg prestegard | 125 000 |
| 5. | Fortidsminneforeningen Hordaland | 230 000 |
| 6. | Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane | 75 000 |
| 7. | Norsk Jernbaneklubb | 50 000 |
| 10. | Stiftinga Singerheimen | 180 000 |
| 12. | Stiftinga Ormelid gard | 30 000 |
| | SUM | 1 076 068 |

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

| | Namn på søker | Grunngjeving |
|---------|--|--|
| 8. | Kaupanger hovedgård. Eigar: Nils Joachim Knagenhjelm | Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert |
| 9. | Venelaget for bedehuset Fredheim | Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert |
| 11 . | Stiftelsen Munthehuset i ytre Kroken | Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert |
| 13 . | Stiftinga Otternes bygdetun | Stiftinga jobbar med modellar for framtidig drift av anlegget. Tildeling vil bli vurdert når det ligg føre konkrete avklaringar på dette |
| 14 | Vestlandske Grube Company as | Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert |
| 15 . | Stiftinga Wittgenstein i Skjolden | Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert |
| 16 . | Kulturkyrkja Onarheim | Tiltaket ligg på sida av føremålet med tilskotsordninga. Søknaden vert overført for vurdering under tilskotsordninga <i>Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv.</i> |

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Føremål med tilskotsordninga

Driftstilskotet har som føremål å stimulere til auka frivillig aktivitet for å ta vare på faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi og at desse kulturminnessursane vert overført til komande generasjonar:

- Driftstilskotet skal bidra til at kulturminna er i bruk, noko som igjen fører til at kulturarven vår vert vedlikehalden og har ei stabil høg teknisk tilstandsgrad.
- Stimulere til at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Leggje til rette for at ulike brukargrupper og ålmenta får ta del i vår felles kulturarv.

| | |
|---------------------------------|---|
| Budsjett 2021 | 1 076 068 |
| Søknadsfrist | 1. november |
| Vedteken innretting og kriteria | KULII 04.06.2020, PS 91/2020 |
| Informasjon om ordninga | https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kulturarv/retningslinjer-driftstilskot-kulturminne.pdf |

| | |
|------------------------------|-----------|
| Tal søknader | 16 |
| Tal søknader som er tilrådde | 9 |
| Samla søknadssum | 4 895 450 |
| Tilrådd fordeling | 1 076 068 |

Vurdering

Fram til ny innretting av tilskotsordninga vart etablert, med nye retningslinjer gjeldande frå budsjettår 2021, var det få forvaltarar av kulturminne som fekk driftstilskot frå fylkeskommunen:

| Søklar | 2019 Løyving NOK | 2020 Løyving NOK |
|------------------------------------|------------------|---------------------------|
| Bullahuset, Osterøy | 200 000 | 200 000 |
| Espeland fangeleir | 350 000 | 350 000 |
| Fjelberg prestegard | 250 000 | 250 000 |
| Fortidsminneforeningen i Hordaland | 191 000 | 200 000 |
| Singerheimen | 200 000 | (eingongstilskot) 250 000 |
| <i>SUM</i> | <i>1 191 000</i> | <i>1 250 000</i> |

Vedtak av nye retningslinjer for driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne 04.06.2020, offentlig kunngjering og nytt elektronisk søknadsskjema, har ført til ei monaleg auke i talet på søknader, frå 4 i 2020 til 16 i 2021. Den totale søknadssummen (kr. 4 895 450 i høve til midlar til rådvelde (kr. 1 076 068), gjer hardare prioritering naudsynt, men også vanskelegare. Dette tydeleggjer også behovet for å auke i tilskotsposten i komande budsjettår.

Ordninga er meint å vere til for verksemdar (foreiningar, stiftingar osv.) eller eigarar som driv kulturminne av nasjonal eller regional verdi.

Det er ein viktig grensedraging mellom kva som meinast med drift, og andre tiltak:

Med drift vert meint det å halde i gang ein organisasjon, ein institusjon eller liknande. Drifta skal bidra til at allmenta kan delta i opplevingar og bruk av kulturminne samt bidra til vedlikehald og skjøtsel av dei.

Tiltak retta mot t.d. utvidingar og/eller endring av eksisterande verksemd, investeringar, marknadsføring, utviklings – eller utbetningsprosjekt av kulturminne, kan ikkje få tilskot gjennom denne ordninga.

Vidare har ordninga tilleggsriteria:

Driftstilskotet sin storleik vert vurdert heilskapleg ut frå fylgjande moment:

- Eigarskap til kulturminne, kompleksitet og storleik på kulturminne
- Organiseringa av vedlikehald og kostnadene med dette

- Drift av brannvarsling og sløkkeanlegg
- Finansiering av forsikring
- Organisering av kurs og kompetansebygging med tradisjonelle handverksteknikkar
- Formidling og i kva grad aktivitetane kjem ålmenta til gode

Fylkesdirektøren har vektlagt at søkjarar som har fått driftstilskot tidlegare (Singerheimen, Fjelberg Prestegard, Espeland fangeleir, Bullahuset og Fortidsminneforeningen i Hordaland), og med det innarbeidd fylkeskommunalt driftstilskot i deira budsjett og planleggingsarbeid, framleis skal prioriterast for tildeling. Då det i år er mange nye søkjarar, vil det imidlertid vere behov for å vurdere fordelinga av midlane i lys av det samla søknadstilfanget. Ut frå avgrensa midlar i tilskotsordninga, vurderer fylkesdirektøren difor at det vil vere naudsynt med nedtrekk i tilskotssummene for Singerheimen, Fjelberg prestegard, Espeland fangeleir og Bullahuset.

Singerheimen søkte driftsstøtte over ordninga for organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet (vurdert som del av budsjettprosessen, jf. FT sak 137/20), men vart ikkje tilrådd støtte. Søknaden for Singerheimen er overført for vurdering under driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne, noko fylkesdirektøren meiner er rett ut frå føremålet og innhaldet i søknaden. I vurderinga har fylkesdirektøren lagt vekt på at Singerheimen har fått driftsstøtte frå tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune i over 20 år. I 2020 løyvde fylkesutvalet eit eingongstilskot på kr. 250 000 til drift av Singerheimen.

Fortidsminneforeningane i Sogn og Fjordane og Hordaland forvaltar begge mange og viktige nasjonale kulturmiljø. Fylkesdirektøren vurderer at det er noko ulike mogelegheiter for inntening på eigedomane om ein samanliknar Hordaland og Sogn og Fjordane. Her kjem Fortidsminneforeningen i Hordaland dårlegast ut. Fylkesdirektøren tilrår difor at Fortidsminneforeningen i Hordaland vert tildelt kr. 230 000 i tilskot for 2021, medan Fortidsminneforeningen Sogn og Fjordane, som har kome med som ny på ordninga, vert tildelt kr. 75 000. Begge foreiningane er særskilt viktige for forvaltninga av kulturarven i Vestland.

I prioritering av søknader for tildeling har fylkesdirektøren lagt særleg vekt på storleik og kompleksitet i kulturmiljøa, omfang og kostnader med vedlikehald og drift, samt ønske om at ulike brukargrupper skal få mogelegheit til å oppleve kulturminna. I tillegg har fylkesdirektøren etterstreva å tilgodesjå mangfaldet og det store engasjementet stiftingar og organisasjonar legg ned i arbeidet med å ta vare på kulturarven i fylket vårt. Fylkesdirektøren har også etterstreva å finne balanse mellom tildeling til søkjarar frå begge dei tidlegare fylka.

Av nye søkjarar, har det kome inn driftarar av store, og komplekse anlegg (Stiftinga Ormelid, Norsk Jernbaneklubb, Stiftinga Otternes, Nord- og Midhordland sogelag). Stiftinga Otternes har fått avslag, men jobbar med å finne gode modellar for framtidig drift av anlegget. Fylkesdirektøren ser i møte framtidige søknader når det ligg føre avklaring på drifta.

Kulturkyrkja Onarheim sin søknad går i hovudsak ut på organisering av restaurering av kyrkjeorgelet. Fylkesdirektøren meiner søknaden ligg på sida av denne ordninga, men ved at han inneheld eit viktig innslag av frivilligheit, kan søknaden vurderast for tildeling under andre tilskotsordningar, t.d. *Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv*.

Når det i eitt høve, Espeland fangeleir, er tilrådd ei løyving på kr 176 068 er det urunde talet eit resultat av det stod att kr. 68 å fordele etter at alle dei andre tilskota var fordelte. Espeland fangeleir er difor tilrådd ei løyving på kr .176 000 + kr 68 = kr 176 068.

Søknadsvurderingane går elles fram av vedlegg til saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Storleiken på tilskotsordninga i 2020 er 1,076 mill. og vedteke av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Klima: Aktivt bruk av kulturminne er gjenbruk av ressursar som bidreg positivt i klimarekneskapen.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode levekår for alle :
Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tilskotsordninga er eit sentralt verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan for Hordland 2015-2025 «Premiss. Kultur» og Regional Plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019-2029 «Kultur for alle».

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår at hovudutvalet til å fordele driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne 2021 i tråd med vurderingane over.